



PÅ GULL GRUNN TO SVARTE ÅREKEIPAR


Våpenet er godkjent ved kgl. res.

14.6.1991

og er teikna av Even Jarl Skoglund. Motivet framstiller årekeipane frå båtfunnet på Mangersnes, eitt av Noregs eldste funn av småbåtar.

Keipane er daterte til 30 f. Kr.–250 e. Kr. og 560–670 e. Kr. Det kan tyda på at det har vore båtbyggjarverksemd her over ein lang tidsperiode.

Fiskaren med fiskesula, «Af Bergens Stift i Mangers Præstegjeld», slik Jørgen Garmaas framstilte han på 1700-talet, er ein typisk representant for fiskarbonden på vestkysten. Heilt frå dei første hundreåra e.Kr. er det jordbruket og heimefisket som har vore næringsgrunnlaget.



RADØY kommune, som i dag i hovudsak omfattar nærare 300

kringliggjande øyar og holmar, var i tidleg mellomalder eiga skipreide, Rad eller Raden skipreide, slik det også var organisert på 1600-talet.

Her hadde dei ansvaret for å halda veten (varden)

i orden, som ein del av varslingsystemet, i tillegg til å rusta ut eit 24 sessar skip.

Det fortel litt om velstand og økonomi på denne lange øya, som sidan mellomalderen har vore delt i tre kyrkjesokn: Manger, Sæbø og Hordabø. Etter svartedauden vart desse kyrkjesoknene, saman med Herdla, slegne saman til eitt prestegjeld – Manger – som i 1837 vart til Manger herad.

Dette stod ved lag til 1871, då Herdla vart skilt ut som eigen kommune: nordre del av Holsnøya, nordre del av Askøya og søre del av Øygarden.

I 1924 vart Sæbø og Hordabø egne kommunar – Sletta høyrde til Lindås og

Straume til Austrheim, og dei tre kommunane på Radøya stod ved lag fram til 1964. Då vart omtrent heile øya ein eigen kommune med Manger som sentrum. □

Restaurerte kvernhus på Villanger. Det eldste huset er frå ca. 1795, det nyaste frå 1910



⚔ RADØY

Radøy, Radøyini om øya, hadde i gno. forma Rað, som tyder «ra, grusrygg». Førsteleddet i Kolås er ikkje kol til å brenna, men eldre kola «lufting, blåst». Sylta, Utsylta og Innsylta sjå Fjell (@279). Taule, i samansetningane Frotaule (Nordtaule) og Brattaule (Sørtaule), heng saman med gno. þaul «noko innvikla», her om den innstengde vågen ved grenda. Førsteleddet Fro- er uforklart. Skaråsmyra er derimot lett å forstå. Sisteleddet i Manger er gno. angr «trong vik, fjord», førsteleddet kanskje gno. mår «måse». Fosnstraumen inneheld gno. fólgsn «gøymestad, noko avgøymt», same som Fosen i Trøndelag. Den langstrekte øya Toska kan ha namn etter fisken, ut frå ei samanlikning.

Ein av keipane, «Hovdingkeipen», frå båtfunnet på Mangersnes. Dette funnet – datert mellom 200–560 e.Kr. er mellom dei eldste på Vestlandet. Keipane er som dei skulle vore laga av førre generasjon.

